Kartleggingsprøvane for 3. trinn i lesing, og resultat på fleire av skulane på 5-7. trinn stadfestar behovet for meir systemretta arbeid. Det er arbeidd med å utvikla eit systematisk rammeverk for lesing på 1.-7. trinn dei to siste åra, og fram i tid vil me kunne følgje effekten av igangsett systemarbeid som er skildra under.

Lesenettverket er samansett av ressurspedagogar i lesing og Sol-kontaktar (Sol – systematisk observasjon av lesing) frå barneskulane i Time. Nettverket har møte ein gong i månaden.

På bakgrunn av svakare resultat på kartleggingsprøvar enn ønska, er det utarbeidd eit rammeverk for leseopplæringa som skal implementerast på alle barneskulane. Rammeverket famnar om mange sider ved leseopplæringa, og skal sikre at elevane i Timeskulen aukar sin lesekompesanse. Målet er at dette skal syne att på nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar framover.

Rammeverket består av verktøy som byggjer på nyare leseforsking, og som kan vise til faglege resultat. Verktøya er valt ut fordi dei på ulike måtar kan betre elevane sin lesekompesanse.

- *IMal* er eit program for den første bokstavlæringa på 1. trinn
- *På sporet* er intensiv leseopplæring i ei mindre gruppe på 1. trinn. Elevar som ein er uroa for, og som ikkje har den progresjonen ein forventar, gjennomfører ein kort test, som så vert bakgrunnen for å velje ut kven som skal få tilbod om kurset. Dei føresette får informasjon om tilbodet, og kan ta i mot eller takke nei
- Med *Aski Raski* og *Relemo* trener ein teknisk lesekompesanse
- Med *Klasselesekurs* arbeider ein med leseforståing. Klasselesekurs er ikkje knytt opp mot norskfaget, men kan brukast i arbeid med tekstar i alle fag
- *Sol* (systematisk observasjon av lesing) er eit kartleggingsverktøy for læraren som gjer at ein kan følgje tett opp den enkelte elev si leseutvikling
- *LOGOS* og *Dysmate* er diagnostiseringsverktøy for Dysleksi/ lese og skrivevanskars, og vert nytta av sertifiserte lærarar når ein har mistanke om slike vanskar

Inneverande skuleår har nettverket arbeidd med å implementera verktøya *Sol*, *Relemo* og *Aski Raski* for elevane på 1.-7. trinn. For enkelte skular har verktøya vore kjent frå før, men ikkje vore i systematisk bruk, for andre skular er dei nye. I løpet av skuleåret 2023-2024 har alle skulane kome i gang med bruk av verktøya, for nokre er arbeidet systematisert, andre er på veg til å få det sett i system.

På bakgrunn av svake leseresultat på mellomtrinnet har nettverket vore på utkikk etter systematiske måtar å arbeide med lesing for dei eldste elevane på barnetrinnet. Nasjonal prøve viser oss at dei treng meir enn berre trening på tekniske leseferdigheiter. Denne våren er me i gang med å implementera *Klasselesekurs* som ein systematisk arbeidsmåte for elevane frå 3.- 7. trinn. Alle klassar på desse trinna skal før sommarferien ha vore gjennom ein første omgang med klasselesekurs, og lærarar og elevar skal ha gjort ei evaluering.

Verktøya *IMal* og *På sporet* vart tekne i bruk skuleåret 2022-2023, og er no i aktiv bruk for elevar på 1. trinn.

Verktøya *Relemo* og *Aski Raski* inneheld både ein kartleggingsdel, og ein del der elevane arbeider med oppgåver knytt direkte til den enkelte si leseutvikling. Me er i gang med å sjå på korleis skulane skal systematisera kartleggingsresultata slik at dei kan følgje den enkelte elev over tid. I nettverket melder deltakarane at dei ser konkret framgang hos elevane etter bruk av *Relemo* og *Aski Raski*.

Å ha eit felles rammeverk for lesing på 1.-7. trinn som kvar skule og kvar lærar er forplikta på å følgja tek tid å både utvikla og implementera. Det er avgjerande med god forankring og at lærarar og elevar er trygge på dei verktøya dei skal bruke. Eit utviklingsarbeid av den storleiken som dette er krev at ein held fokus over tid.

Målsettinga om å arbeida vidare med å utvikla systemarbeidet knytt til lesing vil bli vidareført.

Målsettinga det vil bli arbeidd vidare med er forankra i satsingsområde 2:
Samhandling for førebygging og tidleg innsats i Strategiplan Oppvekst 2023-2029.
der målet er at; Alle elevane i Time begynner i vidaregåande opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule.

Mål for 2024: *Arbeida vidare med å utvikla vårt felles systemarbeid knytt til lesing på barneskulane for å sikra at resultata i lesing ligg stabilt på nasjonalt nivå.*

Grunnskulepoeng

Analyse av standpunktcharakterane tilbake i tid viser at gutane oppnår dårlegare karakterar enn jentene. Desse karakterane saman med resultata på eksamen dannar grunnlaget for utrekning av grunnskulepoenga som er konkurransegrunnlaget som elevane søker med på vidaregåande skule. Dette danna grunnlaget for følgjande politiske vedtak som blei fatta i sak om Kvalitetsmeldinga i 2022; *Det er eit mål at grunnskulepoenga til elevane i Time ligg på regionalt nivå og vidare for 2023: Arbeida vidare med målet om at grunnskulepoenga til elevane i Time skal ligga på regionalt nivå med særleg fokus på tiltak som kan medverka at differansen mellom gutane og jentene sine resultat vert mindre.*

Dei tre siste åra har elevane i Time samla oppnådd dårlegare grunnskulepoengsum enn Rogaland og nasjonalt. Jentene har betre grunnskulepoeng enn snittet for Rogaland og nasjonalt. For gutane ligg resultata under alle åra. Det har dei siste åra vore størst ulikskap mellom kjønn i Time kommune med t.d. ein differanse på 7,5 poeng i favør av jentene i 2022. Til samanlikning var denne differansen på 4,2 poeng

for Rogaland. Utviklinga til 2023 er at gjennomsnittleg grunnskulepoengsum for gutane i Time ligg over snittet til gutane i Rogaland og nasjonalt. Differansen mellom kjønn i Rogaland er auka til 4,5 poeng i favør av jentene, mens differansen i Time har gått ned frå 7,5 poeng til 1,9 poeng i favør av jentene.

Det er gjennomført arbeid for å sjå på ulike årsaker og nødvendige tiltak på skulane, med særleg fokus på gutane sine behov og preferansar. Det har vore felles prosessar i leiarmøter der det er gjennomført analysar av kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar for å sjå korleis resultata fordeler seg på kjønn. Det kjem fram av oversiktene som er presentert for dei fire ungdomsskulane i meldinga at det ikkje er eit eintydig bilet på tvers av skulane.

Det siste året viser positiv utvikling der gjennomsnittleg grunnskulepoengsum for Timeskulen nå nærmar seg nasjonalt snitt. Det framkjem vidare at det har vore positiv utvikling knytt til å redusera ulikskapen mellom kjønn på to av dei fire skulane. Vardheia ungdomsskule har på noverande tidspunkt ikkje samanlikningsgrunnlag. Det kjem fram av standpunktcharakterane at det framleis er ulikskapar i karakterane mellom kjønn. Jentene har tilsvarende, eller betre karakterar i 10 til 11 av dei 13 faga på dei fire skulane. Desse er del av utrekninga av grunnskulepoenga og grunnlaget elevane søker vidaregåande skule med. Som del av arbeid med vidare målsetting knytt til dette tema i leiargruppa kom det fram at det er viktig å halda på det same målet over tid, og med tilsvarende ordlyd.

Målsettinga det vil bli arbeidd vidare med er forankra i satsingsområde 2: Samhandling for førebygging og tidleg innsats i Strategiplan Oppvekst 2023-2029. der målet er at; Alle elevane i Time begynner i vidaregående opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule.

Mål for 2024: Grunnskulepoenga til elevane i Time skal ligga på regionalt nivå, med særleg fokus på tiltak som kan medverka at differansen mellom gutane og jentene sine resultat vert mindre.

Utvikling knytt til elevane sitt læringsmiljø

Elevundersøkelsen

Mobbing

Time har over tid hatt færre elevar som opplever at dei vert mobba samanlikna med nabokommunane og nasjonalt. I 2023 viser tala på 7. og 10. trinn ein auke på talet på elevar som opplever å ha blitt mobba. På 7. trinn er auken frå 5,3 % til 8,8%, og på 10. trinn er auken frå 4,7 % til 6,9% som opplever mobbing på skulen.

Den same utviklinga ser ein på nasjonalt nivå der snittet for 7. trinn er på 12,8 %, og for 10. trinn 10,9 %. Timeskulen samla ligg under nasjonalt snitt på både 7. og 10. trinn, men som det kjem fram av tabellen under er det stor variasjon i prosentdel elevar som melder at dei har opplevd mobbing mellom skulane.

Skjerma opplysninga av Udir er i tabellen markert med strekpunkt på den enkelte skulen.

7. trinn	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2023-2024
Mobbing					Nasjonalt
10. trinn	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2023-2024
Bryne	0,0	--	--	13,6	12,8
Rosseland	6,0	10,4	6,7	10,3	
Lye	--	--	--	4,7	
Frøyland	--	0,0	--	5,9	
Hognestad	0,0	--	--	--	
Undheim	0,0	0,0	--	--	
Bryne u	4,7	--	4,5	7,6	10,9
Vardheia u			--	5,0	
Lye u	0,0	--	--	12,8	
Frøyland u	0,0	--	--	6,1	

Støtte frå lærarane

Relasjonen mellom lærar og elev er grunnleggande for å leggja til rette for eit trygt og godt læringsmiljø. Spørsmåla knytt til indeksen støtte frå lærarane handlar om i kva grad elevane opplever at lærarane bryr seg om dei, om dei har forventningar til dei, behandlar dei med respekt, og om dei får god hjelp når dei har problem med oppgåver og hjelper dei slik at dei forstår kva dei skal læra. To av skulane ligg over nasjonalt snitt på 7. trinn, og det vekslar på dei fleste skulane mellom år kva elevane svarer. 10. trinn viser nedgang frå tidlegare år på tre av skulane. To av skulane ligg på nasjonalt snitt.

7. trinn					2023-2024
Støtte frå lærarane	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	Nasjonalt
Bryne	4,6	4,4	4,3	4,1	4,2
Rosseland	4,3	4,4	4,4	4,4	
Lye	4,6	4,1	4,3	4,1	
Frøyland	4,6	4,4	4,4	4,1	
Hognestad	4	3,8	4	3,7	
Undheim	4,4	4	3,9	4,4	
10. trinn					2023-2024
Støtte frå lærarane	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	Nasjonalt
Bryne u	3,9	4	4	3,7	3,9
Vardheia u			3,9	3,9	
Lye u	3,8	3,9	3,8	3,3	
Frøyland u	4	4,1	4,1	3,9	

Motivasjon

Spørsmåla knytt til indeksen motivasjon handlar om i kva grad elevane er interessert i å læra på skulen, kor godt dei likar skulearbeidet, og om dei gler seg til å gå på skulen. Utviklinga for 7. trinn er ein nedgang på fleire av skulane, og framgang ved to av skulane frå i fjar. To av skulane ligg over nasjonalt snitt. Det er også store ulikskapar på kva elevane svarer mellom skulane over tid. På ungdomsskulane har svara gått ned på to av skulane frå i fjar, samstundes ligg to av skulane på eller over nasjonalt snitt.

7. trinn	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2023-2024
Motivasjon					Nasjonalt
Bryne	3,8	3,6	3,5	3,3	3,4
Rosseland	3,6	3,9	3,4	3,5	
Lye	4,2	4,1	3,4	3,1	
Frøyland	3,8	3,3	3,4	3,2	
Hognestad	3,3	2,8	3,5	2,9	
Undheim	3,9	3	3,4	3,6	
10. trinn	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2023-2024
Motivasjon					Nasjonalt
Bryne u	3,4	3,4	3,4	3,2	3,2
Vardheia u			3,3	3,3	
Lye u	3,3	3,3	3	3,1	
Frøyland u	3,4	3,6	3,4	3,1	

Meistring

Spørsmåla knytt til indeksen meistring handlar om i kva grad elevane opplever å kunna gjera leksene på eiga hand, om dei klarer å gjera oppgåver på eiga hand på skulen, og i kva grad dei forstår nå læraren går gjennom og forklarar nytt stoff på skulen. Elevane sine svar dei tre forutgåande åra på 7. trinn var relativt stabile, men det er inneverande år nedgang på tre av skulane, samstundes ligg fire av skulane på eller over nasjonalt snitt. På 10. trinn er det same resultat på to av skulane som i fjar, og nedgang på to av skulane. To av skulane ligg over nasjonalt snitt.

7. trinn	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2023-2024
Meistring					Nasjonalt
Bryne	4,1	4	3,9	3,9	3,9
Rosseland	4	4	4	3,9	
Lye	4,2	4,2	4,2	3,9	
Frøyland	4,2	4	4	3,8	
Hognestad	3,8	4	3,8	3,8	
Undheim	4	3,9	3,8	4	
10. trinn	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2023-2024
Meistring					Nasjonalt
Bryne u	4	3,7	4	3,7	3,8
Vardheia u			3,9	3,9	
Lye u	3,8	4	3,9	3,6	
Frøyland u	4,1	4,2	4	4	

Elevdemokrati og medverknad

Eit område som kan ha noko å seia for elevane sin motivasjon og meistring er korleis elevane opplever å medverka i eiga læring. Spørsmåla knytt til indeksen elevdemokrati og medverknad handlar om i kva grad elevane opplever at dei får vera med på å føreslå korleis dei skal arbeida med faga, om det vert lagt til rette slik at dei kan delta i elevrådsarbeid, om skulen høyrer på forslaga dei kjem med og om dei får vera med på å laga reglar for korleis dei skal ha det i klassen. På 7. trinn er det stor variasjon mellom år, og mellom skulane. Frå i fjor er det negativ utvikling ved fire av skulane, samstundes ligg fire av skulane over nasjonalt snitt. På 10. trinn er utviklinga frå i fjor negativ ved alle skulane. To av skulane ligg på eller over nasjonalt snitt.

7. trinn - Elevdemokrati og medverknad	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2023-2024
					Nasjonalt
Bryne	3,8	3,8	3,8	3,4	3,6
Rosseland	3,7	3,7	3,8	3,7	
Lye	4,2	3,4	3,9	3,7	
Frøyland	3,7	3	3,6	3,7	
Hognestad	3,7	3,8	3,6	3,4	
Undheim	3,8	3,5	3,4	3,8	
10. trinn - Elevdemokrati og medverknad	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2023-2024
					Nasjonalt
Bryne u	3,4	3,5	3,5	3,1	3,3
Vardheia u			3,6	3,5	
Lye u	3,1	3,4	3,4	3,2	
Frøyland u	3,6	3,7	3,7	3,3	

Vurdering for læring

Eit anna viktig område i elevundersøkinga som seier noko om i kva grad elevane opplever å medverka i eiga læring, finn ein i spørsmåla knytt til vurdering for læring. Her svarar elevane på 8 spørsmål som summert handlar om i kva grad elevane opplever at lærarane forklarer mål i dei ulike faga slik at dei forstår desse, kva som vert lagt vekt på i arbeidet, kva som er bra med arbeidet, kva dei må gjera for å bli betre, kor ofte dei får tilbakemeldingar, om dei får vera med å føreslå kva som skal leggjast vekt på, om dei får medverka i vurdering av eige arbeid og om dei får hjelp til å utvikla seg i faget. Her kjem det fram av resultata for 7. trinn at det har vore nedgang på tre av skulane samanlikna med i fjor. Tre av skulane ligg på eller over nasjonalt snitt. På 10. trinn er utviklinga nedgang på alle skulane frå i fjor, samstundes ligg to av skulane på eller over nasjonalt snitt.

7. trinn	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2023-2024
Vurdering for læring					Nasjonalt
Bryne	3,9	3,7	3,6	3,4	3,6
Rosseland	3,7	3,7	3,7	3,5	
Lye	4,2	3,4	3,7	3,7	
Frøyland	3,9	3,2	3,6	3,6	
Hognestad	3,4	3,3	3,8	3,3	
Undheim	3,5	3,1	3,1	3,7	
10. trinn	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2023-2024
Vurdering for læring					Nasjonalt
Bryne u	3,3	3,2	3,4	3,1	3,2
Vardheia u			3,4	3,3	
Lye u	3,1	3,4	3,4	2,8	
Frøyland u	3,6	3,7	3,6	3,2	

Oppsummering og vurdering av læringsmiljø

Det har over tid vore færre elevar i Timeskulen som rapporterer at dei opplever mobbing på skulen samanlikna med nærkommunar og nasjonalt. Det har vore arbeidd systematisk over lang tid for å avdekka og følgja opp elevar som opplever mobbing gjennom Olweusprogrammet som alle skulane i Time er del av.

Elevundersøkinga gjev ein indikator på at talet på elevar som opplever mobbing har auka, og dette vil bli følgt opp gjennom Olweuskartlegginga som skulane gjennomfører i april. Kartlegginga vil gje informasjon som kan speglar svara som er gitt i elevundersøkinga, og det vert vidare sett i verk tiltak for å følgja opp elevar og klassar der det er behov. Skulane i Time har også tilgang på klassetrivsel som del av

verktøykassa for å følgja opp elevane sitt læringsmiljø undervegs i løpet av skuleåret. I klassetrivsel kan ein velja kva spørsmål ein ønskjer å få svar på, og den kan brukast systematisk med korte intervallar for å følgja med på korleis elevane har det i kvardagen.

Svara frå elevane på elevundersøkinga baserer seg på ein skala på 1-5, der 5 er beste skår. Når ein går inn på enkeltpørsmål knytt til dei ulike indeksane er det tydeleg at elevane bruker skalaen. Det er ulikskapar i resultat mellom trinn og skulane i Time. På overordna kommunalt nivå viser resultata at elevane over tid gjev oss om lag 4 på tema som omhandlar læringskultur, trivsel, meistring og støtte frå lærar på 7.trinn. På 10. trinn vekslar det meir mellom år kva elevane melder tilbake på desse spørsmåla, og det er nedgang frå i fjer med unntak av spørsmålet som omhandlar trivsel. Når det gjelder tema elevdemokrati og medverknad, motivasjon og vurdering for læring har tilbakemeldingane over tid vist at dei opplever dette i middels grad, og tilbakemeldingane viser nedgang frå i fjer på både 7. og 10. trinn.

Elevundersøkinga over tid har vist at utviklingspotensialet for Timeskulen ligg i å auka elevdemokrati og medverknad, og å ha fokus på vurdering for læring. Dette danna grunnlaget for følgjande politisk vedtak som blei fatta i sak om tilstandsrapporten for 2021: *Målet er at elevane skal tilbakemeld på nivå 4 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad og vidare i 2023; Arbeida vidare med målet om at elevane skal tilbakemeld på nivå 4 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad*

Det er i leiarsamlingar lagt opp til prosessar der skulane har analysert eigne undersøkingar, og planlagt for tiltak som skal gjennomførast i eigne personale. Det er vidare blitt delt korleis skulane vil jobba med dette temaet. Som del av å følgja opp arbeidet blei det planlagt at dette skulle vera overordna tema på Barn og unges kommunestyre som blei gjennomført i november 23. I forkant blei det laga ein felles prosess som skulle gjennomførast i alle elevråda og presenterast på Barn og unges kommunestyre. Elevrådet skulle drøfta og koma med sine tankar og innspel på følgjande spørsmål frå elevundersøkinga knytt til medverknad der me skårar lågast:

- Er de elevar med på å føreslå korleis de skal arbeida med faga?
- Får du vera med og føreslå kva det skal leggast vekt på når arbeidet ditt skal vurderast?
- Får du vera med og vurdera skullearbeidet ditt?
- Eg får hjelp til å tenka gjennom korleis eg kan utvikla meg i faget.

Vidare skulle elevrådet drøfta og laga ein plan for korleis dei ville involvera og sikra medverknad av alle elevane, dei tilsette og leiinga.

Svara som dei ulike elevråda har gitt på spørsmåla viser at dei har mange tankar om, og konkrete innspel til kva ein kan gjera for at elevane skal oppleva større grad av medverknad.

Elevundersøkinga blei gjennomført i desember i 2023, og resultata viser at sjølv om det har vore fokus og arbeidd med dette temaet er det nedgang frå i fjar. Som del av Kvalitetsmeldinga i 2023 blei det uttrykt at det å skapa positiv utvikling på spørsmåla me skårar lågast på omhandlar ei utvikling av praksis som tek tid. Det vil vidare bli arbeidd med å følgja opp forslag til tiltak og planen som elevråda har planlagt for medverknad på den enkelte skulen.

Som del av arbeid med vidare målsetting knytt til dette tema er det gjennomført dialog i leiargruppa i Timeskulen. Ambisjonen som har vore sett om at elevane skal tilbakemeld på nivå 4 vert erfart som for høgt med utgangspunkt i at avstanden på ein del av spørsmåla opp til målet. Dette har medført at det vert gjort ei justering av ambisjonen og ordlyden i målsetting til dette tema.

Målsettinga det vil bli arbeidd vidare med i 2024 er forankra i satsingsområde 3: Inkluderande samfunn i Strategiplan Oppvekst 2023-2029 der målet er at; *Alle barn og unge melder at dei vert sett, høyrt og inkludert.*

Mål for 2024: Skulane skal følgja opp tiltak og plan knytt til medverknad som er utarbeidd i elevrådet for ein framgang på 0,3 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad.

Overgang til og gjennomføring av vidaregåande skule

Overgang til vidaregåande skule

Det har over tid vore jobba systematisk med å få ned talet på elevar som ikkje gjennomfører vidaregåande skule og opplæring. Dette skjer gjennom systematisk samarbeid med Klepp kommune, Bryne vidaregåande skule og Øksnevad vidaregåande skule gjennom mål og tiltak i felles overgangsplan som blei revidert i 2020.


År	Andel overganger i %
2023	97,5
2022	100,0
2021	99,5
2020	98,6
2019	98,5

Time, Grunnskole, Overganger, Begge kjønn

Tabellen syner del av 16-åringar frå Time som går i vidaregåande opplæring same år som dei avslutta grunnskulen. God overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring er avgjerande for å nå målsettinga om høgast mogleg gjennomføring. Det har vore arbeidd systematisk over lengre tid med fokus på å sikra at alle elevar får ein god overgang, og for å følgja opp elevar som kan stå i fare for å droppa ut av vidaregåande skule.

Gjennomføring av vidaregåande opplæring

Gjennomføringsgraden for elevane i Time kommune har gått vesentleg ned samanlikna med 2022 då 89,9 % av elevane gjennomførte vidaregåande opplæring. Årets tal for gjennomføring er lågare enn dei tre forutgåande åra, og ligg under Hå kommune og snittet for Rogaland.



Kjelde: Rogaland_fylkeskommune

Det kjem fram av tabellen under at det er tilbakegang frå 2022 både på yrkesfagleg og studieførebuande retning. Tilbakegangen er tilnærma det dobbelte på yrkesfagleg retning samanlikna med studieførebuande retning. Time har tidlegare år skilt seg ut ved at det har vore større gjennomføringsgrad på yrkesfagleg retning enn Rogaland, og dette har bidrige positivt til den høge gjennomføringa dei føregåande åra.

		2020	2021	2022	2023
Time	Alle	81,4%	86,8%	89,9%	80,7%
	Yrkesfagleg	79,2%	82,2%	84,4%	71,9%
	Studiespesialiserande	83,9%	91,1%	95,5%	88,9%

Oppsummering og vurdering av gjennomføring i vidaregåande skule

I Timeskulen har me eit spesielt fokus på den nasjonale målsettinga om at elevane våre skal fullføra vidaregåande opplæring. Dette er inngangsbilletten til vidare utdanning og arbeidsliv som gjev moglegheiter for jobb og seinare til medborgarar som bidreg til fellesskapet. Det har vore arbeidd systematisk over lengre tid med fokus på å følgja opp elevar som kan stå i fare for å droppa ut av vidaregåande skule i Timeskulen. Dette har fram til nå vore gjort gjennom systemet vårt «Tett på» med handlingar og tiltak som vert følgjt opp på den enkelte skulen. I 2023 blei det gjennomført ei evaluering av Tett på modellen i Time, og denne er sett opp mot innhald og tiltak i Glidelåsen som er ei Fylkeskommunal ordning med same føremål. Skilnaden mellom dei to modellane er at det i Glidelåsen er Fylkeskommunen som registrerer desse elevane og følgjer dei opp i sitt system. Denne oppfølginga har i Tett på modellen i større grad vore følgjt opp av tilsette i Time. Det er signert avtale med Fylkeskommunen og Timeskulen er frå 2024 del av denne ordninga.

Systematisk arbeid er ein grunnleggande faktor for å skapa utvikling. Trenden frå 2014 til 2022 har vore at stadig fleire elevar i Timeskulen har fullført vidaregåande opplæring. Særleg dei to forutgåande åra synte at me hadde svært god gjennomføring, og me var svært nære ei gjennomføring på 90% i 2022.


Tilbakegangen i 2022 viser at det er viktig å halda fast ved arbeidet med at elevane skal gjennomføra vidaregåande opplæring.

Målsettinga det vil bli arbeidd vidare med i 2024 er forankra i satsingsområde 3: Inkluderande samfunn i Strategiplan Oppvekst 2023-2029 der målet et at; *Trend viser at 9 av 10 fullfører vidaregåande opplæring i perioden*

Målet framover er at: 9 av 10 elevar frå Timeskulen skal gjennomføra vidaregåande opplæring

Spesialundervisning


Kunnskapsgrunnlag som omhandlar kva tid det er viktig å setja inn tiltak for å støtta elevane si læring, er tydeleg på at dette må gjerast i tidleg alder. Oversikt over utviklinga dei fire siste åra knytt til kor mange av elevane i prosent som får spesialundervisning, er presentert i tilstandsrapporten for Jærskulen. Det er auke i del av elevar med enkeltvedtak om spesialundervising frå 2022 i alle kommunane.



Kjelde GSI

Diagrammet syner utviklinga i del av elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning fordelt på hovudtrinn i Time dei siste fire åra. Talet på elevar med spesialpedagogisk hjelp har gått litt ned på 5.-7. trinn frå 2022, mens det for små- og ungdomstrinnet har auka.

Målsettinga er å få til ei dreiling kor ressursane i større grad kan nyttast inn i det allmennpedagogiske, slik at flest mogleg elevar får hjelp via tilpassa opplæring, og ikkje får behov for spesialundervisning. Det har over tid vore eit stort omfang av årstimer knytt til mange av enkeltvedtaka.



Kjelde GSI

Som det kjem fram av figuren til venstre auka vedtak på 271+ timar markant frå 2021-22 til 2022-23, og aukar ytterlegare i 2023-24.

Tabellen under viser at talet på nye tilvisingar til PPT har gått ned dei tre siste åra. Samstundes har utviklinga vore ei vesentleg auke på aktive saker for aldersgruppa 6-15 år, og for aldersgruppa 20+.

Ved årsslutt	Nye tilvisingar	Alder 0-5 år	Alder 6-15 år	Alder 16-19 år	Vaksne 20+	Sum saker	Saker på venteliste
2020	100	59	351	1	23	433	1
2021	200	65	414	0	30	509	4
2022	157	65	480	1	38	584	29
2023	147	63	487	2	52	604	26

*Før ein får vedtak om spesialundervisning tilviser foreldra og/eller skulen eleven til PPT. Talet på tilvisingar er ikkje det same som talet på enkeltvedtak.

Oppsummering og vurdering av spesialundervisning

Det er ønskeleg at ressursane i skulen i større grad vert nytta til det allmennpedagogiske, slik at flest mogleg elevar får hjelp ved tilpassa opplæring og ikkje får behov for spesialundervisning. Fram til 2021 låg talet på elevar som hadde behov for spesialundervisning stabilt rett over 6%. Auken i delen av elevar med vedtak om spesialundervisning er ikkje eit isolert funn for Timeskulen. Tal på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå i nærliggande kommunar viser same utvikling. Konsekvensen av utviklinga med auke i talet på elevar med spesialpedagogisk hjelp, og auka omfang i timer, er at dette medfører behov for meir bruk av ressursar på individnivå i skulen totalt sett. Dette utfordrar i stor grad handlingsrommet skulane har til å gje tilpassingar i ordinær opplæring. Tilvisingsgrunnen som er oppgitt mest er sosioemosjonelle vanskar der skulane melder at det kjem til uttrykk ved at fleire elevar strevar med å meistra elevrolla, og det å vera del av eit fellesskap i ein klasse.

Prosentdel elevar som har spesialpedagogiske vedtak i Time er nå høgare enn landssnittet, og det vert brukt mykje ressursar på individuelle tiltak. Årsakene til auken er samansett, og det er mange aktørar som er drivrar for at dette skjer. Ein faktor som det vert sett på er tildelingsmodellen til grunnskulen. Det kom fram av drifts- og ressursanalysen som blei gjennomført for grunnskulen av Agenda Kaupang AS i 2022 at «Samlet drives grunnskolen 26 millioner kroner billigere enn sammenlignbare kommuner. Utgifter til undervisning er 13 millioner kroner lavere enn gjennomsnittet i kommunegruppe 7 (middels store kommuner med middels inntekter). Undervisningen drives 22 millioner kroner billigere enn skolestrukturen tilsier. Det var bare 43 kommuner med lavere kostnad til undervisning per elev. De billigste kommunene har større skoler enn Time. Både SFO, skolelokale og skoleskyssen drives billigere per elev enn gjennomsnittet i kommunegruppen.». Det blei tilført 10 millionar kroner til grunnskulen i vedtak om budsjett for 2023. Årsrapporten for 2023 viser at det framleis er meirforbruk på skulane, og store deler av dette omhandlar elevar med spesialpedagogiske behov etter §5-1 og tilpassa opplæring etter §1-3. Fleire vedtak medfører mindre handlingsrom i fellesskapet som

vidare er ein drivar for ytterleg fleire vedtak. Eit viktig spørsmål er om rammene som er tildelt skulane er tilstrekkelege til å ta i vare ordinære krav i lovverk og forskrifter i fellesskapet slik at det ikkje medfører behov for å sikra ressursar gjennom individuelle vedtak.

Det er vidare sett i gang arbeid med leiargruppa i Oppvekst knytt til tiltaket tilhøyrande satsingsområde 3 Inkluderande samfunn i Strategiplan for Oppvekst 2023-2029 der alle tenestene i Oppvekst skal vera med å dreia ressursar frå individet til fellesskapet. Som del av arbeidet dannar rapporten til ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging [Inkluderende fellesskap for barn og unge](#) av Thomas Nordahl m.fl grunnlaget for kunnskapen det vert arbeidd med for å nå målet. Følgjande står som samandrag innleiingsvis i rapporten:

«*I denne rapporten er det godt dokumentert at dette omfattende spesialpedagogiske systemet ikke fungerer etter hensikten. Dette kan oppsummeres i følgende punkter:*

- 1. Det er et ekskluderende system der organiseringen og innholdet i tilbudet ofte innebærer en segregering ut av fellesskapene i skole og barnehage.*
- 2. Barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging møter ofte voksne uten formell pedagogisk kompetanse.*
- 3. Det ventes for lenge før barn og unge får hjelp.*
- 4. Det er lave forventninger til barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging, og de har ikke en tilfredsstillende sosial og faglig læring og utvikling.*
- 5. En stor andel av fagpersonene bruker mye av sin tid på sakkyndighetsarbeid.*
- 6. Det er en stor andel barn og unge med behov for en særskilt tilrettelegging som ikke får nødvendig støtte og hjelp.*
- 7. Det eksisterer ikke kvalitetskrav til opplæring av barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging.*
- 8. PP-tjeneste og Statped har for stor avstand til den daglige praksis i barnehage og skole»*

Arbeidet med innhaldet i kunnskapsgrunnlaget som del av å dreia ressursar frå individ til fellesskapet vil fram i tid bidra til å auka handlingsrommet slik at ressursar kan nyttast fleksibelt og målretta ut frå behov. Det er eit langsiktig arbeid som krev tverrfagleg samarbeid for å lukkast.

Målet om 6 år er at 15-25% av barn og unge (0-18 år) har behov for, og får tilrettelegging i ordinært tilbod. Barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp er mellom 1- 3/4%.

Delmål på vegen om 3 år er at talet på barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp og omfang i timer er halvert i alle verksemder.

I 2024 skal skulane arbeida med tiltak knytt til faktorar som dei ser er med på å oppretthalda eit system der det stadig vert fleire individuelle vedtak.


Rekruttering av lærarar

Tabellen under viser utviklinga i talet på søkerar til lærarstillingane i kommunen. Tala i parentes viser alle søkerane, inkludert dei som ikkje var kvalifisert.

Søkerar til lærarstillingar i Time				
2020	2021	2022	2023	2024
156 (167)	181 (190)	139 (156)	106 (132)	59 (72)

Krav for tilsetting og for å undervisa i grunnskulen er regulert i forskrift til Opplæringslova. Læraren er den viktigaste innsatsfaktoren i arbeidet med elevane si læring og utvikling. Alle elevane våre, uavhengig av skule, trinn og klasse, har krav og rett på kvalifiserte og kompetente lærarar.

Diagrammet under viser for dei tre siste åra ein nedgåande trend i talet på lærarar med godkjent utdanning. Sett opp mot talet på kvalifiserte søkerar for komande skuleår, er det å forventa at denne statistikken vil gå ytterlegare ned.



Time kommune (EIER), Grunnskole, Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning, Kommunal, Alle kjønn, Alle trinn

Det vert arbeidd på fleire måtar for å rekruttera kvalifiserte lærarar til timeskulen. Saman med dei andre kommunane i Jærskulen samarbeider ein om deltaking på årleg Karrieredag på Universitetet i Stavanger

Lærarar som er i sitt første arbeidsår får tilbod om rettleiing på eigen arbeidsplass. Lærarar som er i sitt andre arbeidsår, får tilbod om rettleiing i grupper organisert av Jærskulen. Planen inneheld også tiltak for å rettleie lærarar som har vore borte frå yrket i mange år. Rettleiarane er lærarar i Jærskulen sine fire kommunar. Læraren har vidareutdanning i rettleiing og legg rammer for rettleiingsøkter gjennom skuleåret. Ordninga med rettleiing vert evaluert jamleg. Ei god rettleiingsordning, og eit godt system for kompetanseutvikling kan vera med til å gjera at nyutdanna lærarar vert raskare trygge i rolla og vert verande i lærarjobben.

Det å vera praksisskule for lærarstudentar er ein viktig rekrutteringsarena. Når studentane har blitt kjent med skulane våre er det lettare å rekruttera dei når dei har fullført utdanninga si. I perioden 2022- 2026 har Lye skule, Rosseland skule, Bryne skule og Bryne ungdomsskule samarbeidsavtale med UiS om gjennomføring av praksis gjennom IGIS (institutt for grunnskolelærerutdanning, spesialpedagogikk og idrett). Vardheia ungdomsskule har inngått rammeavtale om praksissamarbeid med IKS (Institutt for kultur og språkvitenskap).

Oppsummering og vurdering av rekruttering

Det er ei stor samfunnsutfordring at færre søker seg til lærarutdanninga. Hausten 2023 var det 103 som takka ja til studieplass ved UiS på lærarutdanningane for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn. Forventa fråfall i løpet av studiet er på 20-25%. Dette kan medføra at det i 2028 berre er 75 lærarar som har fullført utdanninga og dannar grunnlaget for søkartala i heile Rogaland.

Timeskulen er i konkurranse med dei nærliggande kommunane frå Hå til Sandnes om dei same lærarane. Søkarane til Time har også søkt i andre kommunar, og det medfører at grunnlaget for å få tak i kvalifiserte lærarar vert ytterleg vanskelegare. Skulane opplever at kandidatar undervegs trekker seg når dei får betre tilbod, eller tilbod der dei eigentleg ønsker seg på andre skular etter å ha takka ja. Det å vera partnarskapsskule er ein viktig tilgang for å trekka til seg nyutdanna. Ved neste søknadsprosess om samarbeidsavtale med UiS er det viktig at skular som ikkje er del av dette nå står som søkerarar.

Satsingsområde 5 i Strategiplan for Oppvekst omhandlar mål og tiltak for å rekruttera og behalda tilsette. Det vil i 2024 bli jobba med tiltaket med å utvikla støtteordningar for å rekruttera kvalifisert personell i særleg utsette stillingar.

Oppsummering av målsettingar for vidare arbeid i Timeskulen

Læringsresultat

Satsingsområde 2 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Samhandling for førebygging og tidleg innsats der målet er at; Alle elevane i Time begynner i vidaregåande opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule.

- Vidareutvikla vårt felles systemarbeid knytt til lesing på barneskulane for å sikra at resultata i lesing ligg stabilt på nasjonalt nivå.
- Grunnskulepoenga til elevane i Time skal ligga på regionalt nivå, med særleg fokus på tiltak som kan medverka at differansen mellom gutane og jentene sine resultat vert mindre.

Læringsmiljø

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn.

Mål 2 Alle barn og unge melder at dei vert sett, høyrt og inkludert.

- Skulane skal følgja opp tiltak og plan knytt til medverknad som er utarbeidd i elevrådet for ein framgang på 0,3 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn

Mål 1 Trend viser at 9 av 10 fullfører vidaregåande opplæring i perioden

- Målet framover er at: 9 av 10 elevar frå Timeskulen skal gjennomføra vidaregåande opplæring

Auka handlingsrom i skulane

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn

Tiltak Alle tenestene i Oppvekst skal vera med å dreia ressursar frå individnivå til fellesskapet

- Vurdera ny tildelingsmodell til Timeskulen
- I 2024 skal skulane arbeida med tiltak knytt til faktorar som dei ser er med på å oppretthalda ein praksis der det stadig vert fleire individuelle vedtak. Delmål på vegen om 3 år er at talet på barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp og omfang i timer er halvert i alle verksemder.

Rekruttering

Satsingsområde 5 i Strategiplan for Oppvekst 2023-2029: rekruttera og behalda

Tiltak Ha støtteordningar for å rekruttera kvalifisert personell i særleg utsette stillingar

- Utvikla støtteordningar for å rekruttera kvalifisert lærarpersonell